
TRUSOPPLÆRING I GOL OG HERAD

Mål, grunnlag og organisering

Hovudmål for trusopplæringa

Vi ynskjer at alle døypte born og unge i Gol skal bli kjent med den treeinige Gud. Vi ynskjer at dei skal få kjenne, oppleve, praktisere og bli engasjerte av den kristne trua.

Grunnlag og særpreg

I Gol og Herad er det omlag 4500 innbyggjarar med omlag 20 dåp i året. Det er ein barne- og ungdomsskule i bygda. Det er ein vidaregåande skule som samlar mykje av Hallingdals-ungdommen. Det er også ein folkehøgskule i bygda. Det er mange som driv med ulike idrettar både sommar og vinter.

Gol er ein av landets største reiselivskommunar, og er det regionale handels- og servicesenteret for regionen Hallingdal. Det er mange frå ulike nasjoner bosatt i Gol kommune. Det er få unge i aldersgruppa 19-30 år i heile kommunen. Skal dei studere etter vidaregåande skule må dei ut av bygda, og då er det mange som ikkje kjem att.

Det er to kyrkjelyder i soknet, men det er ein samanslåingsprosess på gang. I tillegg til Gol- og Herad kyrkje, er det to privateigde kyrkjer i Gol. Oset kapell er knytta til Oset hotell, og blir brukt til gudsteneste og vigslar. Gol si nye stavkyrkje er ein kopi av den gamle stavkyrkja. Den er vigsla og blir brukt av kyrkja. Den gamle stavkyrkjetomta, samt kapelltomta på Golsfjellet, blir nytta til bl.a friluftsgudsteneste.

Kyrkjelydane samarbeider om trusopplæringstiltaka. Dei er felles for alle borna i kommunen, og det byttes på kva kyrkje vi er i. 4-åringane og tårnagentane er i Herad, 6-åringane og Lys Vaken er i Gol kyrkje. Gjennom å bruke begge kyrkjene ynskjer vi at borna skal få kjennskap til si kyrkje. I tillegg får vi slik store gudstenseter for store og små begge stader, minst ein vår og ein haust kvart år.

Vi ynskjer å ha eit opent fellesskap der vi samarbeider med andre organisasjonar i bygda. I kyrkjelyden er det sundagsskule, barnekor og ungdomsklubb. Gol har 60 % trusopplærerstilling, og har ei samarbeidsavtale med Hemsedal som har ei stilling på 40 %.

Organisering, rammer og ansvar

Dei ansatte har ansvar for trusopplæringa, både drift og innhald ut fra sine tenesteordningar og ansvarsområder. Det blir avtalt i god tid på førehand kven av dei ansatte som er med på dei ulike tiltaka. Trusopplæraren skal ha oversikta og har ansvar for at tiltaka blir satt i verk. Opplæringa blir utført i samarbeid med staben og ulønna medarbeidarar.

Sokneråda har sett ned eit utval, med to representantar frå kvar kyrkjelyd, pluss varamedlemmer. Trusopplæringsutvalet møtes 2-3 gonger i året og evaluerer plan og tiltak minst ein gong i året.

Sentrale dimensjonar

Samverke med heimen og familien

Kyrkjelyden sender ut invitasjon til dåp når vi får fødselsmelding. Samarbeid om trusopplæring byrjar når foreldra tar kontakt og ynskjer dåp. Presten inviterer til samtale. Foreldra får utdelt ei lokal brosjyre med informasjon om trusopplæringa i kyrkjelyden, slik at dei kan sjå kva kyrkja har som tilbod. Fadrane får med seg ei brosjyre med forslag til kva dei kan gjere ut av oppgåva si. Det er viktig med ein god start på samarbeidet.

Det er viktig å skape gode relasjonar med rom for tilbakemeldingar sidan heim og familie er den viktigaste arenaen for trusopplæring. Vi ynskjer å involvere og engasjere foreldre i arbeidet, og ha ein kontinuerleg dialog med heimen. Evaluering er særskild viktig for å utvikle ei enda betre trusopplæring. Evaluering med borna er med på å skape ei forventning til neste treffpunkt.

Medverknad frå barn og unge

Vi ynskjer heile tida å vere i kommunikasjon med målgruppa for å høyre deira meining. Dei skal få seie kva dei syntest, det er dei som veit kva som er kjekt og kva som fenger. Dei yngste må gjerne gjere dette ilag med foreldra. Når dei blir eldre, skal dei få tilbod om å vere hjelpeleiarar og slik få tildelt ansvar og ha påvirkningskraft. Her må ein tenkje langsiktig og jobbe for at leiarevnene blir forsterka.

Inkludering og tilrettelegging

Vi skal alltid arbeide for at alle skal kunne delta på arrangementa våre. Det må komme fram i alle invitasjonar at det er for alle. Vi må passe på å alltid ha nok medarbeidarar som trengst, sett utifrå situasjonen.

Gudsteneste

Mange av tiltaka vi inviterer til er knytt til gudsteneste. Slik ynskjer vi at engasjementet og deltaking vert naturleg i tidleg alder. Nokre gudstenester i året skal vere laga av og for ungdom.

Bak i kyrkjerommet er det teiknebord og bøker til utlån. Vi ønsker å tilrettelegge kyrkjerommet og gudstenesten best mogleg for dei små. Kyrkjelyden skal kjenne at kyrkja er for alle.

Diakoni

God diakoni bør syne seg i alt vi gjer i lag med born og unge. Dei vaksne skal vere bevisste i deira møte med borna slik at dei blir møtt med nestekjærleik og omsorg. Trusopplæringa skal gje rom for å utvikle eit godt sjølvbilet, etablere relasjonar, vise nestekjærleik, utfordre til teneste og til livsutfalding for heile mennesket.

Misjon

Vi ynskjer å knytte kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt til alle aldrar. Misjon får eit større fokus på 10-13 og konfirmantarbeid i forbindelse med fasteaksjonen og misjonstivoli med konfirmantane. Med dette ynskjer vi å vise vi er ein del av ei større kyrkje, i eit globalt fellesskap med eit verdsvidt oppdrag.

Musikk og kultur

Musikken vi vel, skal vere bevisste val med tanke på innhald og vanskegrad til dei ulike alderstrinna. Nye og gamle songar og salmar med ulike sjanger skal brukast. Vi bruker kyrkjas symbol i tiltaka våre, og særskilt med tårnagentane.

Frivillig medarbeidarskap

Frivillige medarbeidarar er heilt nødvendig for at trusopplæringsarbeidet skal nå vidare ut. U lønna medarbeidarar er alle som bidreg, uansett i kva grad og alder. Målet er at alle skal kjenne seg inkludert og verdsett gjennom dei oppgåvene dei gjer. Trusopplæraren sender ut invitasjon til inspirasjonssamling, trusopplæringskonferansen og leirar, for å inspirere og gje dei frivillige eit påfyll til den tenesta dei står i. Staben vil også invitere til medarbeidarfest annakvart år. Kyrkjevergen organiserer ein komite innad i staben, som har ansvar for planlegginga.

Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar

I vår vesle bygd, er det lett å opne opp for samarbeid med andre kristne organisasjonar. I Gol og Herad er sundagsskulen, Normisjon/Acta og Frelsesarmeen naturlege samarbeidspartnarar. Det kan til dømes vere samarbeid om gudsteneste. Dette bør vi gjere så ofte vi har tid og rom for det. Vi har det same målet, og det er lettare å nå dersom vi samarbeider og stiller opp for kvarandre. Vi må vere til glede og inspirasjon, slik at arbeidet vert kjekt å utføre.

Kontinuerleg arbeid og enkeltarrangement bygger kvarandre opp og sjåast i samanheng. Til dømes 4-års boka er også ein invitasjon til sundagsskule. Likeeins får 5-åringane ein spesiell invitasjon til å vere med på ein kveld på Gullrekka på hausten.

Samarbeid med andre er viktig for å nå ut til fleire. Det kan til dømes vere Røde kors, idrettslaget og husflidslaget.

Tverrfagleg samarbeid

I staben har vi ulik fagkompetanse, noko vi ynskjer å utnytte slik at vi når ut til flest mogleg med trusopplæring. Vi møter kyrkjelyden gjennom ulike tiltak og i ulike settingar. Det er viktig å hugse på at vi saman er eit team som syner kva kyrkja er gjennom dei ulike rollene og oppgåvene vi har. Vi må tilpasse oss dei ulike aldersgruppene, så både språket og formen blir forståeleg.

Kommunikasjonsarbeid

Det er viktig å bruke tid og kreativitet på å prøve å nå alle. Ulike aldersgrupper krev ulik informasjonskanal. Invitasjonane bør vere innbydande og informative og sendast ut i god tid. Hugs fyrsteintrykket har mykje å seie for innstillinga til tiltaket.

Vi inviterer til å ta kontakt ved spesielle behov. Det er lurt å bruke så mange ledd som mogleg for at flest skal få sett og høyrte om tiltaket. Hallingdølen, SMS, kyrkjebladet, heimeside, brev, facebook og personleg kontakt bør nemnast. Særleg viktig er det med ein SMS kort tid før arrangementet.

"Give aways", til dømes t-skjorter og reflekser som syner og minner om deltaking, opprettheld minnet om samveret. Ein kan ikkje drive med for mykje marknadsføring!

Tiltak

Tiltak i ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alderen 0–18

år

Tal på aktive tiltak: 16

Totalt tal pr årskull: 211

Totalt tal på timar summert: 423

Alder	Namn på tiltaket	Omfang i samvær	Omfang i timar	Samla for målgrupper
0	Dåp	2	3	3
0-1	Babysang	20	40	80
1-3	Dåpsbesøk	1	1	3
4	4-åringar	2	3	3
5-5	Gullrekka, 5-årssamling	1	4	4
6	Førsteklasses	3	6	6
6-8	Kyrkjeaktivitetsdag	1	7	21
7	Gardsbesøk	1	2	2
9	Tårnagenthelg	2	8	8
10	Lys Våken	1	12	12
12-12	Kode B	5	10	10
13-14	Trosopplæring i naturen	2	6	12
13-18	Helmax Helaften	1	4	24
14-18	Amadeus	10	20	100
15	Konfirmasjon	18	60	60
16-18	HEKTA, TeenCamp og ledertrening	2	25	75

Tiltak i planen retta mot det enkelte alderstrinn

Alderstrinn	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18
Tal	2	2	1	1	1	1	2	2	1	1	1	0	1	2	3	3	3	3	3

Øvrige tiltak**Tal på øvrige tiltak: 1**

Alder	Namn på tiltaket
0-13	Gullrekka

Dåp**Gol og Herad****Tiltakstype**

Dåpssamtale

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 2

Totalt tal på timar for alle samlinger: 3

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 3

Aldersgruppe

0

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 0

Ansvarleg

Presten utfører samtalen og dåpen. Trusopplæraren har ansvar å skaffe materiell og halde det oppdatert

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Starte samarbeidet om trusopplæringa

Byggje relasjonar

Gje informasjon om kyrkjelyden sine tiltak

Åpne opp for samtale om dåp og tru

Kommentarar**Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring**

Fyrste møtet som skal skape relasjon til vidare kontakt

Byggje relasjonar

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Dåpsbefalinga

Dåpsliturgien

Jesus og borna

Truvedkjenninga

Fadervår

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Delta i liturgi og salmesong

Delta i dåpshandlinga

Bøn for og med bornet

Arbeidsmåtar

Samtale i heimen til bornet. Møte på ein trygg arena. Utdeling av informasjonshefte om kyrkjelyden sitt trusopplæringsarbeid.

Utdeling av gave til dåpsbornet.

Samtale om kveldsbøn.

Dåpsgåver vert delt ut, som gir ein god anledning til å samtale om dåpen og korleis ein kan bli minna på dagen seinare.

Dåpslys, dåpshelsing som plakat som bornet kan ha på veggen.

Lokal fadderhelsing med tips til kva ein kan gjere.

--

Babysang**Gol og Herad****Tiltakstype**

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 20

Totalt tal på timar for alle samlinger: 40

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 80

Aldersgruppe

0-1

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 21

Ansvarleg

Frelserarmeen i samarbeid med trusopplæraren

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Mor/far kan komme saman med sitt born for å få fellesskap med andre og ei god stund saman med sitt born.

Få god kontakt med småbornsforeldre og borna.

Oppnå eit godt samspel mellom mor/far og born.

Foreldra skal få eit positivt møte med kyrkjelyden.

Foreldra skal verte oppmuntra til å syngje kristne songar og lære enkle bøner.

Motivere til trusopplæring i heimen.

Kommentarar

Svært populært med deltakere frå fleire kommunar. Fulle kurs.

Eigenandel på 380 kroner.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Gi ord og tonar til å praktisere tru i heimen.

Born som uendeleg verdifullt.

Bygge relasjonar.

Styrke sjølvbilete til bornet.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Velsigninga

Bøner

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Synge

Leike

Arbeidsmåtar

Songleiker

Rim og regler

Vi bruker enkle effekter som stoff og tøy.

Bruker cd "bomshikka og dirridam" fra Frelserarmen og "Gynge litte grann".

Dåpsbesøk

Gol og Herad

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 1

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 3

Aldersgruppe

1-3

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 73

Ansvarleg

Ulønna medarbeidarar utfører besøka, og trusopplæraren har ansvar for organiseringa. Sekretæren fyller ut skjema med informasjon om kvart dåpsbarn.

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Motivere til trusopplæring i heimen.

Påminning om dåpsdagen.

Kommentarar

Prøve å oppdatere listene for kvart år for å fange opp tilflytterar. Besøkarane må levere tilbake kvitterte lister, så vi veit det er følgt opp.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Motivere og myndigjere foreldra til å lese bibelforteljingar og skape rom for samtale.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Bibel.

Be kveldsbøn og bordbøn.

Høyre og synge kristne songar.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Lese Bibelforteljingar

Bøn

Song

Arbeidsmåtar

Ulønna medarbeidarar besøker dåpsborn tre gonger. Dei får i gåve enten ei bok eller ei anna gåve.

4-åringer**Gol og Herad****Tiltakstype**

4 - årsbok

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 2

Totalt tal på timar for alle samlinger: 3

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 3

Aldersgruppe

4

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 20

Ansvarleg

Trusopplæraren og trusopplæringsutvalet i samarbeid med presten, organisten og kyrkjetenaren

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Utdeling av 4-års boka.

Invitere 4 åringane til bli-kjend-samling i kyrkjene før utdeling av boka. Ei samling i Gol kyrkje og ei i Herad.

Bli kjende med kyrkjerommet og bli fortrulege på det som skal skje i gudstenesta.

Sjå døypefonten og høyre om dåpen og kva det betyr at dei er døypte.

Høyre ei bibelforteljing.

Lære nokre songar.

Kommentarar

Vi får gode tilbakemeldingar på at det er bra å ha samling i forkant av utdelinga. Det er mange av borna som ikkje har vore i kyrkja etter dåpen! Vi deler ut boka tidlig i gudstenesta, og bruker den aktivt i resten av gudstenesta. 4-åringane har si eiga bok til å følgje med i!

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Bli sett og verdsatt.

Bli kjend med Guds hus som er "mi kyrkje".

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Dåpen.

Jesus passer på oss, "Kjære Gud, jeg har det godt"

Bli kjend i kyrkja.

Jesus stiller stormen, Mark 4, 35-41

Sakkeus, Luk 19, 1-10

Skapinga, 1. Mos 1

Velsigninga, korsteikn

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Vere med i prosesjon, starte heile gudstenesta.

Delta i liturgien og salmane.

Høyre og kanskje vere med å fortelje ei bibelforteljing. Synge kveldsbøn.

Arbeidsmåtar

Ei samling i forkant av gudstenesta med bli- kjend- leik. Tur rundt i kyrkja for å sjå på alt.

Gudsteneste med utdeling av bok. Kyrjekaffe.

Gullrekka, 5-årssamling

Gol og Herad

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 4

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 4

Aldersgruppe

5-5

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 24

Ansvarleg

Trosopplærar og ulønna medarbeidarar

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Skape gode relasjonar og bygge nettverk for barnefamiljar.

Oppleve å bli sett og høyrte.

Ha det gøy saman.

Lære ein kristen song.

Kommentarar

Invitere spesielt 5-åringane til det kontinuerlege tiltaket Gullrekka

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Bli sett og høyrte.

Snakke om tru.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Kristen song.

Bibelforteljing.

Den treenige Gud.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Song og musikk.

Bøn.

Arbeidsmåtar

Samling med ulike aktivitetar. Lystenning, bøn, bibelforteljing, drama/leik, teikning/formingsaktivitet.

Førsteklasses**Gol og Herad****Tiltakstype**

Et tiltak for 6-åringer

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 3

Totalt tal på timar for alle samlinger: 6

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 6

Aldersgruppe

6

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 26

Ansvarleg

Trusopplæraren i samarbeid med presten, organisten og kyrkjetenaren.

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Gje barn ei oppleving i kyrkjerommet der undring er sentralt.

Vi ynskjer at barna skal få eit positivt møte med kyrkja der dei er i fokus, skape nysgjerrigheit og vise at kyrkja også har noko å lære barna.

Sjå kvar enkelt.

La barna bli kjend med to bibelforteljingar.

La barna få delta i songer og aktivitetar som fenger.

Syne barna at Gud har omsorg for dei.

Kommentarar

Utdeling av bok og diplom på gudstenesta i Gol kyrkje.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Utforske og bli enda betre kjend med kyrkja.

Reflektere over forteljingane og songane og sjå dei i lys av eigne erfaringar.

Bli sett og høyrte og kunne stille spørsmål om ein lurar på noko.

Håp og tru på framtida

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Sauen som vart borte.

Josef, 1. Mos kap 37-47

Påskeevangeliet, Joh 18-21.

Nattverd og dåpen. Herrens bøn. Velsignelsen og Kyrie

Songar: Jeg er trygg hos deg, På Golgata stod det ein kross, Vi tar hverandres hender, Må Gud velsigna deg.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Delta i gudstenesteliturgen og salmane.

Høyre og reflektere over bibelforteljingar.

Be bøner.

Arbeidsmåtar

Samling med ulike aktivitetar som skattejakt, konkurranse, lek og forming.

Delaktige på gudsteneste.

Vedlegg:

- [D I P L O M.doc](#)
(/Files?fileID=696d0d74-3d9d-4fe4-b759-9e5f5d9dafb8)
- [invit gol.pub](#)
(/Files?fileID=623c69fb-d255-4582-be6e-f9aab8864727)

Kyrkjeaktivitetsdag

Gol og Herad

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 7

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 21

Aldersgruppe

6-8

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 78

Ansvarleg

Trusopplærer i samarbeid med staben og frivillige medarbeidarar

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Gi borna positive opplevingar i kyrkja si.

Lære dei at Jesus er den gode hyrde.

Ven med Gud og ven med andre.

Bygge fellesskap og venskap.

Kommentarar

Vi inviterer tre klassetrinn på skulanes planleggingsdag.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Oppleve seg sett og verdifull.

Glede over at Jesus er venen vår.

Tenke over kva ein god venn er.

Jesus vil at vi skal vera ein god venn.

Nestekjærleik

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Jesus og den lamme mannen. / Den barmhjertige samaritan / Abrahams ætt

Rom 12,4-6 (En kropp, fleire lemer)

Du skal elske din neste som deg selv

Treeininga. Truvedkjenninga

Fader vår.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Bibelforteljing

Song. Du skal elske din neste som deg selv, Du kan være en venn (Jarle Waldemar), En ring av gull.

Bøn - Herrens bøn, bønevandring

Truvedkjenninga

Arbeidsmåtar

Synge

Drama

Sporleik

Måltid

Leik

Formingsaktivitet (eks vennskapslenke)

Gardsbesøk

Gol og Herad

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Aldersgruppe

7

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 25

Ansvarleg

Trosopplærer

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

- Fortelje borna at Gud elsker alle, og skape trygghet for at han passar på oss.
- Lære borna at Gud vil ha alle med seg som sine born.

Kommentarar

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Glede over at Gud bryr seg om oss.

Vi er Guds born og Gud veit kven vi er. "Eg kjenner mine og mine kjenner meg".

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Gjetaren og dei 100 sauane (Luk 15,1-7)

Dåpen - "fostervatnet"

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Sang - Her går en trofast gjeter

Bønn

Arbeidsmåtar

Besøk på gard med sau og lam

Synge, høyre bibelforteljing

Leike, sjå på sauer og lam

Formingsaktivitet

Tårnagenthelg

Gol og Herad

Tiltakstype

Tårnagenthelg

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 2

Totalt tal på timar for alle samlinger: 8

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 8

Aldersgruppe

9

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 28

Ansvarleg

Trusopplæraren, organisten, presten og kyrkjetenaren.

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Bli kjent med kyrkjerommet, tårnet og kyrkjas symboler.

Kommentarar

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Felleskap, samarbeid, utfordringer og forberede seg til gudsteneste i Herad kyrkje.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Kyrkja og symbola du finn i kyrkja.

Guds omsorg. Å dele gir nok til alle.

Jesus settar 5000

Nattverdsmysteriet

Gudstenesteliturgi. Fadervår

Tårnagentsongen og Credo (truvedkjenninga)

Treeininga

Kyrkjeklokkene

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Syngje songar. Tårnagentsongen. Gud skapte lyset og livet og meg.

Gudstenesteliturgi. Fadervår

Tårnagentsongen og Credo (truvedkjenninga)

Forberede gudsteneste.

Arbeidsmåtar

Gruppearbeid, symboljakt med kamera i kyrkja, måltidsfelleskap. Tur i tårnet.

Vedlegg:

- [Alternativ 4 Den gode hyrde.docx](#)
(/Files?fileID=6d644a29-e235-4c90-b9dc-44d2effac324)
- [Bolk 2 OPPDRAG symboljakt.docx](#)
(/Files?fileID=aceeaa23-4600-428e-a646-d97481f0b58e)

- [InvitasjonGol 2015.docx](#)
(/Files?fileID=57a9e84b-1fa0-42dd-a20c-d8f55802ddcc)
- [Tårnagentgudstjeneste 26 april.doc](#)
(/Files?fileID=5f8df532-343e-48af-8fa6-09a8282e54b7)
- [Tårnagenthelg kjøreplan.docx](#)
(/Files?fileID=714bb8a0-e196-4193-ad2e-186ec6c364d6)

Lys Våken**Gol og Herad****Tiltakstype**

LysVåken

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 12

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 12

Aldersgruppe

10

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 35

Ansvarleg

Trusopplæraren i samarbeid med stab og ulønna medarbeidarar.

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Kjenne seg trygg i kyrkja si.

Opplive å bli sett og høyrtd.

Gje eit nytt og betre forhold til kyrkja si.

Lære meir om kyrkja, gudstenesta og bli kjend med bibelutgåva som blir delt ut under gudstenesta.

Bli kjend med ei bibelforteljing.

Lære og framføre ein song.

Kommentarar

Laurdag og sundag.

I kyrkjelyden er det 10-13 arbeid også, så begge tiltaka går inn i kvarandre. Vi kjenner nokon frå før- og fleire blir med på 10-13 etter overnattinga.

Foreldra må få eit utfyllande brev. Understreke at overnattinga er for alle, uansett funksjonsnivå. Inviter foreldre/fadrar til å vere medhjelpere og å delta på gudstenesten.

Eigen invitasjon til barna.

Gje ei t-skjorte med "Lys våken".

Utdeling av boka: "Bibelen - ei vandring gjennom den store forteljinga" til alle 5. klassingar på gudstenesten.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

I Guds hus kan alle få vere og her er det kjekt.

Bli sett og høyrtd.

Få oppleve eit døgn i lag i Guds hus, Gud er alltid med oss.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

1. Sam 3,1-10: Samuel i tempelet som blir kalla av Gud.

Luk 2, 41-52: Jesus som 12-åring i tempelet.

Juleforteljinga - Gud som kjem til jord for at vi skal kunne kome til himmelen.

Takkebøner og lystenning.

Velsigninga.

Nattverd?

Misjon, solidaritet.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Kva som må ordnast i stand til ei gudsteneste.

Aktiv deltaking og vere medarbeidarar i gudsteneste med liturgi og salmar.

Synge. Solbarn, jordbarn.

Arbeide med bibelteksten.

Arbeidsmåtar

Velkommen og bli-kjend-leikar.

Gudstenesteverkstad i plenum og i grupper.

Val av gruppe: Øve inn song (Lys våken-songen eller Solbarn, jordbarn), dramatisering.

Leik ute i mørket.

- Kveldssamling med lystenning inne i alterringen

- På sundagen øving og andre førebuingar til gudstenesta

Kode B**Gol og Herad****Tiltakstype**

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 5

Totalt tal på timar for alle samlinger: 10

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 10

Aldersgruppe

12-12

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 29

Ansvarleg

Trosopplærar

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Gjennom å gi kjennskap til Bibelen som ei historisk og levande bok, vekke nysgjerrigheit og undring over Bibelen si mangfaldige innhald. Medverke i og feire gudsteneste.

Kommentarar

Tiltak med meir fokus på bibelkunnskap etter Lys Våken

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Relasjonar og venskap

Sjølvbilete.

Guds høgt elska barn

Finne eit språk for eiga livs- og trushistorie.

Bibelen har betydning i eiga liv.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Bibelkunnskap

Den store forteljinga

Skapinga

Moses

Jesus og barna

Fadervår og bøn

Sakramenta

Kirka sine tradisjonar og høgtider

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Bibelbruk

Felleskap og medarbeiderskap

Sang og musikk

Bøn

Gudstenesteførebuingar og gudstenestefeiring

Arbeidsmåtar

Gjennom ulike aktivitetar, som leik, sang og dans, bibelforteljingar og sosialt samvær nærmar vi oss Bibelen frå

ulike innfallsvinklar. Barna blir utfordra til sjølv å finne ut av koder, oppgåver og fakta. Dette skal skape fasinasjon og nysgjerrigheit til Bibelen

Trosopplæring i naturen

Gol og Herad

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 2

Totalt tal på timar for alle samlinger: 6

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 12

Aldersgruppe

13-14

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 81

Ansvarleg

Trosopplærar

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Opplive skaparverket og fellesskap med andre

Reflektere over forholdet mellom tru og vitenskap

Kommentarar

Feire skaperverket på vår/forsommer

Utegudsteneste?

Overgang barneskule - ungdomsskule

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Trygghet og tilhørighet

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Dei tre trusartiklane

Bergpreika

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Vandre og utforske.

Lese i Bibelen om skapinga og mennesket sin plass i skaparverket, vårt forvalteransvar.

Tekstar frå 1. Mosebok, Salme 8 og 139, Joh 3,16, Bergpreika særleg Matt 6, 25-34.

Sang

Arbeidsmåtar

Undretur ut i naturen

Helmax Helaften

Gol og Herad, Hemsedal

Tiltakstype

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 4

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 24

Aldersgruppe

13-18

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 255

Ansvarleg

Trusopplærarar i Hallingdal.

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Lage ein god plass å vere der dei unge kan ha det moro, kjenne seg trygge og få påfyll

Skepe ein felles arena der unge frå ulike lag og organisasjonar/kyrkjesamfunn kjem saman til ein stor fest

Kommentarar

Invitere via facebook venner og bekjente til alle konfirmentane + alle som er med på KULH, Synsygus, Speidar, Krik og HÅP(pinsemenigheiten sitt u-arb) til ein felles fest ein gong i året

Ynskje om å utvide tiltaket til å gjelde regionalt i heile Hallingdal

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Venskap og relasjonar

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Ulike tema frå år til år.

Eg er vegen sanninga og livet.

(Joh,14.6)

Jesus som frelsar.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Lovsong

Misjon

Lystenning

Arbeidsmåtar

Lovsong

Vitnesbyrd/apell

Misjonsappell

Musikk

Leik og underhaldning

Mat

Mingling

--

Amadeus**Gol og Herad****Tiltakstype**

Annet tiltak

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 10

Totalt tal på timar for alle samlinger: 20

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 100

Aldersgruppe

14-18

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 218

Ansvarleg

Trusopplærar

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Å samle ungdom til positive aktivitetar

Ha det gøy saman

Skape gode relasjonar

Opplive å bli sett og høyr

Kommentarar

Invitere dei som har vore med på Gullrekka 10-13. Konfirmantar.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Bli sett og høyr

Snakke om tru

Opplive fellesskap med kvarandre

Sjølvsyre - ansvar - deltaking

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Andakt

Den gyldne regelen: Matt 7,12. Den vesle Bibelen: Joh 3,16

Skapt, elska og ønska av Gud - før eg forma deg i mors liv.

Bøn

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Sang og musikk

Arbeidsmåtar

Eige styre som bestemmer aktivitetar

Vaksne som miljøarbeidarar / andaktshaldarar mm

Mingling

Vedlegg:

- [ungdomplakat 2015.pub](#)
(/Files?fileID=69216866-8534-4dd0-9960-b303460f040f)

Konfirmasjon

Gol og Herad

Tiltakstype

Konfirmasjonstid

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 18

Totalt tal på timar for alle samlinger: 60

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 60

Aldersgruppe

15

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 45

Ansvarleg

Presten i samarbeid med trusopplærar

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Gje mot og inspirasjon til å leve som kristen.

Bli fortruleg med forteljinga i Bibelen og innhaldet i trua.

Kommentarar

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Konfirmasjonen skal legge til rette for at konfirmanten kan sjå seg sjølv og tolke verda si som skapt, elska og halden oppe ved Guds kjærleik.

Gjennom refleksjon, kunnskap og erfaringar skal konfirmanten sjå livet sitt i lys av kristen tru.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Konfirmantane skal lære å kjenne den treeinige Gud gjennom Bibelen som Guds ord, truverdkenninga, sakramenta og andre sentrale uttrykk for den kristne trua.

Dei skal bli kjende med dei kristne høgtidene og kyrkja dei høyrer til.

Fadervår.

Arbeide vidare med Kristus-kransen.

Sjå eigen plan.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Konfirmantane skal arbeide med kva det vil seie å elske Gud, seg sjølv og nesten sin.

Dei skal lære å be, lese Bibelen, feire gudsteneste og vise nestekjærleik i praktisk solidaritet.

Dei skal få uttrykkje seg sjølve, trua og skaparevna si.

Opplive evangeliet gjennom handling.

Diakoni.

Misjon.

Sjå eigen plan.

Arbeidsmåtar

Konfirmantopplegget må byggjast rundt sentrale arbeidsformer som gudstenester, undervisning, diakoni og andaktsliv.

Ettermiddagssamlingar.

8 gudstenester.

Konfirmantfestival saman med heile prostiet.

Weekend.

Sjå eigen plan.

HEKTA, TeenCamp og ledertrening

Gol og Herad, Hemsedal

Tiltakstype

Breddetiltak året etter konfirmasjon

Omfang

Tal på samlingar/samvær: 2

Totalt tal på timar for alle samlinger: 25

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 75

Aldersgruppe

16-18

Tal på medlemmer i aldersgruppa: 129

Ansvarleg

Prest og trusopplærar

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Å møtes igjen, sjå og bekrefte kvar enkelt

Å halde kontakten med ungdommane

Reflektere over truas plass i livet

Utvikle ungdomsleiarar

Kommentarar

Deltek i HEKTA sitt opplegg i samband med konfirmantleir.

Egen lederhelg for 17-18-åringar

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Trygghet.

Tilhørighet.

Å finne plass for trua.

Bevisstgjerings på eigne val.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Etiske spørsmål

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Bøn

Song

Leik

Arbeidsmåtar

Måltidsfellesskap.

Samtale om temaer.

Informasjon om kva kyrkja/kyrkjelyden kan tilby dei. Kva dei kan tilby kyrkjelyden.

Passive tiltak (gjennomførast ikkje i år)

Tal på passive tiltak:

0

Totalt tal på timar for alle samlinger:

0

Totalt tal på timar samla for målgrupper:

0

Andre tiltak

Gullrekka	Gol og Herad
Tiltakstype Annet tiltak Aldersgruppe 0-13 Tal på medlemmer i aldersgruppa: 360 Ansvarleg Trusopplæraren i samarbeid med ulønna medarbeidarar Samarbeidende organisasjon Samarbeider ikke med noen organisasjon på dette tiltaket. Kommentarar	